

---

**Fra:** Sande Ole-Jakob <ojs@nve.no>  
**Sendt:** mandag 1. oktober 2018 12.42  
**Til:** post@stranda.kommune.no  
**Kopi:** fmmrpostmottak@fylkesmannen.no  
**Emne:** NVE si generelle tilbakemelding - Offentleg ettersyn - Detaljregulering GBnr 46/48 i Hevsdalen - Stranda kommune

Vi viser til oversending av høyringsdokument datert 31.08.2018.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde me motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter Plan- og bygningslova (PBL).

NVE prioriterer å gi innspel og uttalar til overordna planar og rettleiing/opplæring til kommunar med store utfordringar innanfor vårt saksområde. I tillegg prioriterer vi å gi uttalar til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Dette går fram av brev til kommunane datert 29.09.2017 om «[NVEs bistand og verktøy i arealplanleggingen](#)», der vi ber kommunen om å skrive tydeleg i oversendingsbrevet kva ein eventuelt ynskjer hjelp til i den enkelte sak. I denne saka kan vi ikkje sjå at det er bede om slik hjelp. NVE gjev difor ikkje konkret fråsegn i denne saka.

**For generell informasjon og rettleiing knytt til NVE sine saksområde viser vi til:**

- [NVE sine karttenester](#) viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.
- [NVE sin rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging](#) som skildrar korleis interessene bør takast omsyn til i planen, slik at ein unngår motsegn.
- [NVE si retningslinje 2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar](#) skildrar flaum- og skredprosesser som kan vere til fare, og korleis farane bør utgreiast og innarbeidast i planar.
- [NVE si sjekkliste for reguleringsplan](#) er et nyttig verktøy for å sikre at alle relevante saksområde er vurdert og godt nok dokumentert.
- Fleire nyttige rettleiarar og verktøy er tilgjengeleg på [www.nve.no/arealplan](http://www.nve.no/arealplan).

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt tilstrekkelig omsyn til flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka.

Dersom det likevel er trong for NVE si hjelp i saka kan NVE Region Vest kontaktast med ein konkret førespurnad.

Med helsing

**Ole-Jakob Sande**

Senioringeniør

Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga

Seksjon: Region vest

**Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)**

Telefon: 22 95 95 45/90 88 78 30

E-post: [ojs@nve.no](mailto:ojs@nve.no)

Web: [www.nve.no](http://www.nve.no)

